

TELEMARK NEI TIL EU

arbeidsplan 2025

Vi skal i 2025 halde fram arbeidet med å styrke folkeopinionen mot norsk medlemskap i EU, ved å ta del i den offentlege debatten og halde oppe og vidareutvikle organisasjonen.

Alliansearbeide:

Utfordre dei politiske partia med handlingsrommet innafor EØS-avtalen i høve til regjeringa og stortinget sitt arbeid med Fornybardirektivet, EU-energipakke 4 og straumpris krise. Her vil vi søke samarbeid med Nei-alliansepartia SP, SV, Rødt og fagbevegelsen for å få til opne møter. Saman med, faglaga i landbruket vil vi drøfte om det kan arrangerast opne møter som setter fokus på spørsmålet om beredskap i høve til landbruksoppgjeret og EU sin landbrukspolitikk.

Kampanjer mot EØS-avtala - Vår kampanja:

Vi vil delta i nasjonal kampanjer og arrangere lokale aktiviteter for å markere Nei til EU. Gjennom fråsegner, allianse arbeid, lesarinnlegg og redaksjonelle oppslag i media vil vi arbeide med å vise korleis EØS-avtala grip inn i og overstyrer folkestyret i Noreg.

- * Delta aktivt i kampen mot EU-energipakke 4 og Fornybardirektivet.
- * Mobilisere Telemark Nei til EU sine medlemmer til demonstrasjon **i Oslo 26. mars**, med krav om: **Bruk vetoretten mot EU-Energipakke 4 og Fornybardirektivet**

Verving av medlemmer:

Styret får mandat til å avklare om vi skal delta på Dyrskuen eller om vi heller skal prioritere andre marknader og messer i fylket, som er opne og tilgjengeleg, for å gjere arbeidet og prioriteringane til Nei til EU synlege og verve nye medlemmer. Styret lager ein oversikt over aktuelle plasser vi skal delta. Styret bestiller aktuelt materiell.

Vi vil arbeide aktivt med verving av nye medlemmer og gjen verving. Dette skal vera ei sentral oppgåve for fylkeslaget.

Opne møter / stands :

Vi vil støtte og bidra til at lokallag og lokalkontakter kan klare å få til lokale arrangement som stands eller eit opent møte ifm stortingsvalget. Vi vil bidra til å utfordre dei politiske partia ifm stortingsvalet om EØS-avtala, straumpris krise , konsekvenser av Energipakke 4 og fornybardirektivet.

Stortingsvalet:

Vi vil bidra til at politisk kontroll med krafta skal bli ein av hovedsakene i valgkampen. *Nei til EU sentralt skal lage ei valgavis der fylkeslaga får tilbod om å utarbeide lokale bidrag til ei felles avis eller ei avis med to eigne sider i ei tilpassa avis til eige fylke.*

Telemark Nei til EU etablerer ei **skrivegruppe** som utarbeier innhald til den lokalt tilpassa avisa for Telemark, eller bidrag til fellesavisa.

Fellesdelen i begge alternativa er informasjon om partia sine standpunkt til EU/EØS-saker, basert på rapporten om dette. Valgavisa vil også bli publisert på nett. Frist for å bestille aviser er 1. april, og 28. april for innsending av innhald til avisa. Trykte aviser til fylka har 13. juni som siste forventa leveringsdato. Fylka kan bestiller aviser til selvkost kr 1,25 pr avis. Telemark bestiller 1000 aviser til kostnad kr. 1.250,-

Styret utarbeider plan for arrangement for å spreie avisa og anna valkampmateriell i fylket.

Organisatorisk arbeid:

Vi vil legge til rette for at styret og medlemmer kan delta på rådsmøte, leiarmøte og andre aktuelle møte og konferansar i den grad dette er mulig. Fylkeslaget dekker alle reise- og opphaldsutgifter til rådsmøte og leiarmøte. Fylkeslaget kan gje støtte til reise og opphald for deltakarar på andre aktuelle møte og konferansar etter søknad til AU. Vi vil hjelpe Ungdom mot EU sentralt i å reorganisere Ungdom mot EU i Telemark. Vi vil arbeide med å sikre kommune kontaktar i alle kommunane, og der det er mogleg, skal fylkeslaget bidra for å organisere lokallag. Vi skal arbeide for å få fleire kvinnelege kommune kontaktar. Vi lager eit års hjul for å strukturere drifta til fylkeslaget gjennom året.

Årsmøtet Telemark Nei til EU – 18.03.25